

Ellen Njøs Slinde, Statens vegvesen

Ref.:

Vår ref.:
17/51-.. 363

Dato:
7. september 2017


Namn på ein ny tunell i Selje kommune. Tiltrådd skrivemåte.


Vi syner til eit brev som Ellen Njøs Slinde i Statens vegvesen skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 5. juli i år.

Det er føreslege å leggje fjellnamnet *Strandanipa* til grunn for det aktuelle tunellnamnet. Vi må tilrå at tunellnamnet blir skriva ***Strandanipetunellen***, ikkje *Strandanipa-*. Når det gjeld bruken av såkalla *e-fuge* i namn som er avleidde av namn på *Nipa* / *-nipa*, kan ein jamføre med ulike SSR-registrerte namneformer frå Nordfjord, til dømes namna *Nipestølen*, *Nipedalen* og *Nipeelva* attmed *Nipa* i Gloppen og namna *Nipa* og *Nipefluda* i Vågsøy kommune. Sjå punktet 3.1.b.V i rettleiinga som er knytt til forskrifta til stadnamnlova. (Me syner elles til det vi skreiv om valet mellom formene *-tunellen* og *-tunnelen* i eit brev me sende til dykk i same saka 31. mars i år.)

Med helsing frå


Gunnstein Akselberg
stadnamnkonsulent


Ole-Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent


Kjell Erik Steinbru
rådgjevar og sekretær

Kopi til Kartverket Bergen

Fra: Slinde Ellen Njøs <ellen.slinde@vegvesen.no>
Sendt: 5. juli 2017 10:19
Til: Post Språkrådet
Emne: VS: 16/35031-50 - Vurdering av skrivemåte for namn på ny tunnel i Selje kommune.
Vedlegg: Vurdering av skrivemåte for namn på ny tunnel i Selje kommune.docx

Hei!

Eg har i dag sendt nytt brev til Stadnamntenesta på Vestlandet . Ber om vurdering av stavemåte for nytt forslag til namn på tunnel på fv. 633 i Selje kommune.
Ber om svar innan 4. september.

Ta gjerne kontakt med meg på telefon om de har spørsmål.

Med helsing
Ellen Njøs Slinde

Seksjonsjef Planseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Telefon: +47 57655795 Mobil: +47 99203238 e-post/Lync: ellen.slinde@vegvesen.no
www.vegvesen.no e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Vurdering av skrivemåte for namn på ny tunnel i Selje kommune.
Statens vegvesen har under bygging skredsikring inkludert ny tunnel langs fylkesveg 633 i Selje kommune.

I januar i år sende vi inn forslaget om å bruke «Honningsvågtunnelen» som namn på tunnelen og Stadnamntenesta gav uttale til skrivemåten i eit brev datert 31. mars. Namnet «Honningsvågtunnelen» er alt i bruk på ein 4,5 km lang tunnel på E69 i Nordkapp kommune. Ut frå sikkerheitsmessige omsyn kan vi ikkje ha to tunnellar med likt namn. Vi ber difor om at de hjelper oss og vurderer skrivemåte for eit nytt namneforslag; Strandanipatunnelen.

Det nye namneforslaget har vore drøfta med Selje kommune, med lokalfolk i Honningsvåg og med fylkeskommunen, og dei meiner Strandanipatunnelen er eit høveleg namn på tunnelen. Strand er gardsbruket som ligg rett aust for den nye tunnelen på veg mot Honningsvågen. Strandanipa er namnet på det næraste fjellet, ca. 340 m.o.h, rett over den nye tunnelen. Både Nipatunnelen og Kleivatunnelen er vurderte som namn tidlegare, men også desse namna er i bruk på andre tunnelear på Vestlandet.

Vi ber om tilbakemelding innan 4. september slik at vi kan få saka opp i Hovedutval for samferdsle på deira første møte etter sommarferien.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Ellen Njøs Slinde
planleggingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Selje kommune, 6740 SELJE